



Thea S. Taranger, Silje Soldal og Hanna Tvilde ønskte velkommen og fortalte om seminaret i helga. Dei avslutta med å få publikum med på applaus til verdens beste dirigent.

Skulemusikken sin basar i ettermiddag kan trygt karakteriserast som ein fulltreffar! Flott opningskonsert, ei imponerende gevinstliste, eit rikholdig kakebord, fullsett sal og rask og effektiv avvikling sikra blinkskotet. Etter 1 time og 3 kvarter kunne dei 150 som var til stades gå fornøgde heim. Dei fleste hadde sikra seg gevinstar.



[Thea S. Taranger, Frida Nybakk og Camilla M. Ripel gjorde flott jobb solistar i opningsnummeret.](#)

Skulemusikken hadde hatt seminar i helga og framførte noko av det dei hadde øvd på i ein fin opningskonsert. Etter innmarsj under trommesolo, var kornettistane Thea S. Taranger, Frida Nybakk og Camilla M. Ripel solistar i opningsnummeret, 1. sats av Western Trilogy. Etter det fulgte korpset opp med velkjende The Fox, hymnen Dundee før dei hadde ei frisk avslutning med Æ vil barre dans. Flott levert av korpset, og ingen kunne merke at dei var slitne etter mykje øving i helga. Det var tydeleg at alle instrumentgruppene kunne stemmene sine.



Skulemusikken er i fin utvikling.

Dirigent Tor Skeie Olsen har ein stor del av ære for den flotte utviklinga siste åra. Denne sesongen er talentfulle Julie Skeie Olsen til god hjelp som instruktør. Begge vart overrekket blommar av styret som takk for den gode jobben dei gjer.

Etter konserten var det klart for 2 åreomgangar. Det imponerende gevinstbordet er ei historie for seg sjølv på denne basaren. Heile 47 glade vinnarar var det i kvar av dei 2 åreomgangane. Ein draum for alle basarglade, - både unge og eldre.



[Janne G. Hjørnevåg](#) og [Hege Lekva](#) skaffar seg kontroll over ca. 100 åregevinstar.

Kaffi, saft og kaker var gratis. Også her var det mykje å velje i. Det vart både god drøs og kos rundt dei fullsette borda.

Medan folk kosa seg med alt det gode, vart det selt lodd på talongbøker. Siste post på programmet var trekking av desse, og heile 29 gevinstar vart lodda ut på talongbøken.



[Flinke loddseljarar klar til innsats.](#)

Styret takka for frammøtet, og alle som hadde bidrege med gevinstar og anna hjelp. Styret fortener honnør for den gode jobben dei gjer i skulemusikken. At dei klarte å få plass til så mykje godt på litt over halvannan time, er eit nytt døme på det. At det kom eit stort publikum var absolutt som det burde vere! Kjekt!



Flotte talong-gevinstar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.